



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Hyllestad formannskap	02.11.2005	092/05	RSD

Saksansvarleg:

Rigmor Strømskag Dale

Arkiv

K2-A10

Arkivsaknr.

2005000801

Høyring på ny rammeplan for barnehagar

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommune sluttar seg til merknadene til høyringsforslag til revidert rammeplan for barnehagane slik det går fram av saksutgreiinga.

02.11.2005 HYLLESTAD FORMANNSKAP

Håkon Giil sette fram følgjande framlegg:

Hyllestad kommune sluttar seg til merknadene til høyringsforslag til revidert rammeplan for barnehagane slik det går fram av saksutgreiinga med slik endring: Hyllestad kommune støttr rammeplanen sine formuleringar vedkomande kap. 6.6, etikk, religion og filosofi.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget frå Håkon Giil vart vedteke med 5 mot 2 røyster.

Deretter vart uttalen med tillegget frå Håkon Giil samrøystes vedteken.

FORM-092/05 SAMRØYSTES VEDTAK:

Hyllestad kommune sluttar seg til merknadene til høyringsforslag til revidert rammeplan for barnehagane slik det går fram av saksutgreiinga med slik endring: Hyllestad kommune støttr rammeplanen sine formuleringar vedkomande kap. 6.6, etikk, religion og filosofi.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	07.09.2005	Barne-og familiedepartementet	Høring-forslag til revidert rammeplan for barnehagane
1	X	07.10.2005	Jens Chr. Lundeland	Samarbeidsutvalet i Leirvik barnehage - høyring på rammeplanen
2	N	20.10.2005	Elin Hatlem Nordbø	Høyring på rammeplan- samarbeidsutvalet Øn barnehage

IKKJE TRYKTE DOKUMENT:

AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:

Ny barnehagelov trer i kraft 1. januar 2006.

KVA SAKA GJELD:

Det er kome ein revidert rammeplan for å tilpasse endringar i lov og regelverk. Revidert rammeplan for barnehagane er ute på høyring med høyringsfrist 07.11.05.

Kommunen er bedt om å kome høyringsuttale.

SAKSUTGREIING:

Barne- og familiedepartementet har med heimel i §2 i lov om barnehagar fastsett rammeplan for barnehagen. Rammeplanen er ei forskrift til lova, og gir retningslinjer for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Rammeplanen bygger på rammeplanen for barnehager av 1995. Rammeplanen skal gje tilsette og foreldre i barnehagen, tilsynsmyndigheter, eigar og politikarane ei ramme å tenke ut i frå når dei skal arbeide med barnehagen sitt innhald. Planen skal vere eit arbeidsreiskap for heile personalgruppa i planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda.

Saka har vore til høyring i samarbeidsutvala i barnehagane.

Det er kome kommentarer frå samarbeidsutvalet i Leirvik og Øn barnehagar.

VURDERING:

Saker som er kome fram i høyringa frå samarbeidsutvala:

- Dei er positiv til planen.
- Planen er kortare, meir tydeleg og lettfatteleg. Den har færre mål og har tydelegare fagområde. Det kan vere med å styrke kvaliteten ved at den vert lese av fleire og det kan føre til meir engasjement.
- Det er meir fokus på barn frå 0-3 år og den ivaretek alle barn ut i frå alder og modning.
- Den stillar meir krav til personalet, og den gir personalet meir utfordringar, og det er positivt.
- Planen bør presisere meir harmoni i forhold til opphaldstid. Krav til kva barn skal lære, må stå i forhold til barna si opphaldstid i barnehagen.

I tillegg til samarbeidsutvalet sine punkt, som ein sluttar seg til, har administrasjonen og ein merknad knytt til området etikk, religion og filosofi i kap. 6.6:

Det bør her stå at barn skal få "kjennskap" til dei kristne høgtider og tradisjonar. Det er ikkje alle som feirar høgtidene, vi er i eit fleirkulturelt samfunn, derfor blir det ikkje rett at barnehagen skal bidra til at barna "opplever gleden ved kristne høytider" som det står i planen. Ei slik endring vil og gjere dette punktet meir i samsvar med føringane i kap. 3.1 "Barnehagens formålsbestemmelse" om at "Opplæring i tro er hjemmets ansvar. Barnehagen skal lære barna om tro og verdier.